

Fra: kari@goetz.no[kari@goetz.no]  
Sendt: 21.01.2021 09:37:29  
Til: Ingo Bewer[ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: SV: Reg.plan Gjerde hyttefelt - justert plankart

---

Hei igjen.

Her kjem også ny sosi- fil med tilhøyrande rapport.

Venleg helsing  
**Kari Hilde Rommetveit**  
Ingeniør



Post: Kunnskapshuset, Sæ 132, 5417 Stord  
Mob: +47 97 65 39 72  
E-post: kari@goetz.no



---

**Fra:** kari@goetz.no <kari@goetz.no>  
**Sendt:** torsdag 21. januar 2021 09:30  
**Til:** 'ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no' <ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no>  
**Kopi:** 'willy andre solheim' <v-jar@hotmail.com>  
**Emne:** VS: Reg.plan Gjerde hyttefelt - justert plankart

Hei.

På vegne av tiltakshavar sender vi revidert planforslag for reg.plan 226/2 m.fl, Gjerde Hyttefelt, planid: 20180006.

Ein har gjort følgjande endringar for å imøtekoma innkomne merknader:

Eg har difor gjort følgjande endringar:

- Teke ut gangveg langs sjø (SGG) frå planforslaget.
- Redusert moloen og kaien i tråd med gjeldande situasjon.
- Redusert storleiken på dei tre nye nausta til mindre bygg (naustboder) på 3x4m. Dei er no plassert innanfor allereie planert område på kai, og vil ikkje krevje nye terrenginngrep i bakkant. Skal plasserast på min. kote +2,0. Ein vil gå litt inn i F6 i gjeldande reguleringsplan, men ein forholder seg altså til dagens situasjon og det området som er planert i dag. Området har altså ingen verdi som friluftsområde i dag. Dette kjem også betre fram no når me har fått oppdatert kartgrunnlag av kommunen. Ein vil framleis ha min. 2,0m passasje på kai framom nausta på kai.

I tillegg så har det jo kome nytt digitalkart som ein har lagt inn i planen. Dette har medført at ein har gjort nokre mindre justeringar i forhold til tidlegare innsend plan:

- SKV4 er justert slik at den ligg slik som den faktisk er bygd.
- SKV2 er justert slik at avkøyrsla no ligg der som den faktisk er bygd. Ein har også lagt inn 0,5m annan vegggrunn på begge sider av denne vegen som tidlegare diskutert med sakshandsamar.
- Mindre justering av kystlinja.

Ein har justert føresegner (endringar med raudt) og planomtale i tråd med endringane. Ein har også skrive litt meir utfyllande om dei nye nausta og verknader dette medfører i planomtalen kapittel 7.0 *naust*, 8.4 og 8.6.

På vegne av tiltakshavar vonar vi at det justerte planforslaget kan handsamast i nær framtid. Sei ifrå om du ynskjer at eg tek vekk synlege endringar frå føresegnene og lagar pdf.

Venleg helsing  
**Kari Hilde Rommetveit**

Ingeniør



Post: Kunnskapshuset, Sæ 132, 5417 Stord

Mob: +47 97 65 39 72

E-post: kari@goetz.no

 Please consider the environment before printing this email